

## Referat frå elevrådsmøte 16.02.24

### Til stades:

Nicolay 8A, Kornelius 8A, Lina 8B, Emely 8B, Emma 9A, Noa 9A, Miranda 9B, Kevin 9A, Even 10A, Kamilla 10 B, Per-Jetmund 10 B, Ingeborg, rektor og Grete, ansvar for drift av elevråd.

**Forfall:** Eline 10A

Denne gongen har me i leiinga invitert elevrådet til frokostmøte.

### Sak 1 – Skulebruksplanen.

Ingeborg starta møtet med å fortelja om skulebruksplanen. Ho tok opp tema som kapasitet, skulekrins, fritt skuleval. I fht vår skulekrins så er den stor samanlikna med andre skular. Alle elevar har rett til å gå på nærskulen. Vidare fortalde Ingeborg om rapport Kaupang.

Elevrådet sine betraktningar er at det er mest praktisk å gå på nærskulen. Om ein ikkje har fritt skuleval, kan ein risikere å ikkje få sjå kompiser fordi dei går på ein anna skule. Elevrådet ser at det kan vera både fordelar og ulemper. Fleirtalet ønskjer å det slik det er pr i dag.

### Sak 2 – Målføre

Ingeborg informerte at det kjem ny opplæringslov. Den seier noko om målføre på ungdomsskulen. Endringa seier at viss det er 10 elevar eller meir som ønskjer bokmål (for oss i Time som har nynorsk som hovudmål) må skulen oppretta ein eigen klasse. Det må vera minst vera 6 elevar for at klassen skal bli opprettholdt. Om ein vel å vera på skulen sjølv om det ikkje blir bokmålklasser er det fult mogeleg.

### Sak 3 - Mobilbruk.

Det er nå kome ein nasjonal tilråding i fht mobilbruk. Kva har det å seia for ungdomsskulen? Hovudregelen er at det skal vera mobilfritt både i timar og friminutt. Det betyr og at elevar ikkje kan bli pålagt å bruka eigen mobil i undervisninga. Enkelt elevar kan ha spesielle behov i fht helse. For å skapa eit trygt og godt skulemiljø kan det vera lurt at skulen legg opp til fleire elev aktivitetar i friminutta. Lye ungdomsskule reknar med at det trår i kraft hausten 2024.

Skulen må i tillegg utarbeida eit reglement som tek for seg reglar for mobilbruk. Dette blir utarbeida ut ifrå det kommunale ordensreglementet som vil koma i løpet av våren.

Forbud medfører og at det vil vera klare og tydeleg sanksjoner på brudd av reglane for mobilbruk. Ved brudd vil mobil bli tatt inn og dersom eleven ikkje leverer vil heimen bli kontakta. Ved gjentatte brudd vil det og bli konsekvensar for karakteren i orden.

På neste elevråd er Elevrådet bede om å koma med innspel på korleis ein kan løyse det ved innlevering og utlevering, spesielt med tanke på når elevane er delte i valfag, men og andre praktiske fag.

### Referent

Grete Reppe Håland